

(12) OM TIDA REKK

Tekst og tone:
FREDDIE LANGRIND

Visa kom til etter musikalsk lek med Ivar Aasens dikt «Ymse vasarlag».
Eg held meg til hans knappe, lakoniske form, men temaet her mitt eige.

Om ti-da rekk skal alt gå bra, _____ eg har då vett og vit - en, _____

5 men hast-verks-dåd vil ing - en ha, _____ eg strekk den sis - te bit - en. _____

9 Den gjeng no sten - dig til og frå. _____ og opp og ned kan hen - de, _____

13 dei ting eg tor - de li - te på _____ tok av og bort seg ven - de. _____

Om tida rekk skal alt bli bra,
eg har då vett og viten,
men hastverksdåd vil ingen ha,
eg strekk den siste biten.
Det gjeng no stendig til og frå,
og opp og ned kan hende,
dei ting eg torde lite på
tok av og bort seg vende.

Eg heng no mest i kvar dags stropp,
men stundom får eg venger
og tanken gjer eit basehopp
eit bel, men ikkje lenger.
Det er `kje tid for brask og bram,
men vere passe fege.
Det er `kje det å kome fram,
men vere her, på vegen.

Om tida rekk til meir enn kav
so kan eg kanskje klive
og få eit utsyn over hav
og elles sjølve livet.
Men eg er ikkje nett av dei
som står på ytste kanten.
D`er mange nok i rad og rei
som vel den høgste ranten.

Det er vel best å halde på
den gode, gamle båsen,
kan hende gjenge til og frå
og syngje Ivar Aasen ...

